

Vil utfordra trongsyn

LEIKANGER: Noregs Mållag held landsmøte komande helg. Landsmøtet skal mellom anna drøfta verdien av fleirspråks- og morsmålskunnskap. – Det er ei manglande verdsetjing av det fleirspråklege i Noreg. Noregs Mållag vil utfordra dette trongsynet. Auka verdsetjing av fleirspråkskunnskap har store konsekvensar for språk- og utdanningspolitikk, seier Håvard B. Øvregård, leiar i Noregs Mållag, som tek attval til leiarvervet på landsmøtet.

Nei til ferjetilskot

LEIKANGER: Rådmannen i Leikanger frårår at kommunen skal gå inn med støtte til Discover Sognefjord til ferjetrafikken på strekn ingane Lærdal–Kaupanger–Gudvangen og Balestrand–Hella–Fjærland. Det er av budsjettmessige omsyn rådmannen kjem med ei negativ tilråding. Saka kjem til politisk behandling torsdag.

Avventar parkeringsavgjerd

LEIKANGER: Saften AS har søkt om dispensasjon frå reguleringsplanen for Riverdalen til å bruka Schrødertomta til mellombels parkeringsplass. Rådmann Odd Arve Rakstad, meiner det ikkje er rett å ta søknaden opp til vurdering no. «Kommunen bør først vinna erfaring med skilting om kort-

tidsparkering på sentrums-plassen, samt at ein i strekare grad prøver styra parkeringa som ikkje gjeld besøk i butikane til areal som er avsett til langtidsparkering.» Han ber i tilrådinga kommunestyret om å oppmoda Saften om å få fortgang i gjennomføring av dei avtalefesta tiltaka.

120 tonn på hengaren

■■ Spesialtransport

■■ Transformator

■■ Reparasjon

AURLAND: Spesialtransport frå Statnett transport måtte til for å frakta den 120 tonn tunge transformatoren frå og til kraftstasjonen i fjellet ved Øyestølen.

For eitt år sidan gjekk transporten frå Aurland 3 til ECO Vannkraft sin kai ved kraftstasjonen på Vangen. I går var det same prosedyre tilbake.

– Me reknar med å bruka heile dagen, seier prosjektleiaren Trond Mjøs.

Reparasjon

For rundt eitt år sidan rauk ein av dei to transformatorane i Aurland 3.

– Me fekk overslag i ei viking, seier Mjøs.

Det sette transformatoren ut av spel og ekstern reparasjon var naudsynt.

– Me valde å skifta ut heile den aktive delen i transformatoren, seier Mjøs, ein jobb som vart gjort hjå ABB i Drammen.

Med båt

For å få transformatoren til Drammen måtte spesialtransport frå Statnett rekvirerast. Det enklaste hadde kanskje vore å køyra austover, men vegbana ned Hallingdal har punkt som ikkje ville tola ei samla vekt på rundt 240 tonn. Det blir det når ein slår saman vekta på transformatoren og vekta på bilen med hengjar.

Løysinga blei vegtransport til Vangen og vidare austover med båt. Og det er litt av ein jobb sjåføren og hjelparane på hengjaren har for å manøvrera transporten. Nokre plassar på strekninga er det berre så vidt klaring.

Tek tid

Natt til måndag la båten til kai, tysdag morgon starta transporten tilbake til kraftstasjonen. Framme venta ein møysam jobb med å få transformatoren tilbake på plass i kraftstasjonen, og framover ein stor monteringsjobb.

– Me reknar ikkje med å vera i posisjon til å setja drift på før midt i mai, seier Mjøs.

For halv maskin

I følgje prosjektleiaren har



TUNG OG BREITTRANSPORT: Spesialtransport frå Statnett måtte til for å frakta transformatoren frå og til kaien ved Aurlandsfjorden. Her frå transporten i april i fjor. (Foto: Arne Veum)

reparasjonen kosta ECO Vannkraft fleire millionar kroner. I tillegg kjem tapte inntekter frå eitt år med

reduert kraftproduksjon. Utan transformatoren har også det eine aggregatet vore ute av drift.

– Me har produsert med berre halv yting i dette kraftverket i reparasjonstida, seier Mjøs.

Kai Martin Brekke
kai.martin.brekke@sognavis.no

Rekordmange vel studiar ved HSF

SOGNDAL: Studenttalet på Høgskulen i Sogn og Fjordane aukar kraftig.

I følgje nyleg publiserte tal frå Database for høgre utdanning (dbh) var det totale studenttalet ved høgskulen 3.312 per 1. mars 2010. Dette er 314 fleire enn eitt år tidlegare og det høgste registrerte studenttalet nokon gong for HSF.

Solid utvikling

– Auken i studenttalet gir eit godt bilete av den positive utviklinga me er inne i no, seier studiedirektør Terje Bjelle til høgskulen si heimeside.

Auken speglar av eit svært godt studentopptak i 2009, noko leiinga ser på som resul-

tat av god kvalitet både i det faglege tilbodet og studentmiljøet. I tillegg er det grunn til å tru at positive tiltak og hendingar på studiestadene medverkar.

Lærarpluss

Siste året har studenttalet auka mest på lærarutdanningane, men også sosialarbeidarutdanningane, idrett og naturfaga har ei god utvikling.

– Høgskulen er optimistisk også med tanke på komande år, seier Bjelle. No kring søknadsfristen 15. april er me sjølvsagt svært spente på årets søkjartal. I fjor auka tal søkjarar til høgskulen sine grunnutdanningar med 50 prosent, noko som gjorde HSF til vinnar i det nasjonale opp-taket, seier Bjelle.



POSITIVT: – Auken i studenttalet gir eit godt bilete av den positive utviklinga me er inne i no, seier studiedirektør Terje Bjelle. (Arkivfoto)